

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 20.02.03 **Tid:** 16.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 20 , inkl.varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Ole Totland
Jon Magne Bogevik

I staden møtte:

Liv Berit Kvernes Khadoor

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef og ass.adm.sjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 21. februar 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent slik den ligg føre.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:

Helge Reistad stilte spørsmål om kommunestyret sitt vedtak til SFO-satsar og arbeidet til arbeidsgruppa der dei skal sjå på rammeplanen til SFO og framtidige kostnader. Adm.sjefen orienterte om skriv til foreldra om framtidig tilbod og satsar.

Idar Reistad: ”kommunar for fred” kan vi slutta oss til dette, og bør vi ha det som sak.

Ordførar sa at det ville verta teke opp på slutten av møtet.

Berit Hernes stilte spørsmål om arbeidet med vegnamn og husnummer. Ordførar orienterte om at det ikkje har vore kapasitet eller sett av midlar til å gjennomføre dette no. Arbeidet med kommuneplanen – arealdelen er gitt prioritet.

Øyvind Røen sette fram spørsmål om kommunestyret si rolle i framtida. Korleis kan me få inn generelle debattar og aktuelle tema i kommunestyret.

Ordførar orienterte om at dette kan me ta opp i gruppemøtene og Idar Reistad føreslo at det vart gjennomført eit evalueringsmøte i slutten av perioden.

Liv Berit Kvernes Khadoor meinte det er viktig å engasjere seg og det er kvar og ein som har ansvar for dette. Ho tok opp arbeidet ”kommunar for fred” som eit viktig eksempel.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Adm.sjefen orienterte om følgjande:

- Personal og økonomiutvalet sitt vedtak med heimel i hasteparagrafen § 13 i kommunelova. Der dei vedtok å utsette SFO til 01.08.03 og at ein fram til då har satsar som før jul med påplussing på 5 %.
- Budsjettkontroll frå einingane vert levert i møtet
- Vedtak i personal- og økonomiutvalet om tingar med firmaet H. Hadeland om evt. overtaking av kommunal eigedom på Ytre Tysse, og nedsetting av tingsutval

På slutten av møtet vart det opna opp for debatt om kommunestyret skulle slutta seg til opprop frå delar av bystyremedlemmane i Bergen om ”Kommunar for fred”. Kommunestyret valde ikkje å røyste over resolusjonen.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/03	03/00006 DELEGERINGSREGLEMENT
0002/03	00/00395 FRØLAND SKULEHUS.VURDERING AV SKULEHUSET SOM ASVO- BEDRIFT
0003/03	00/00395 FRØLAND SKULEHUS.FRAMTIDIG BRUK / EVT. SAL
0004/03	03/00021 KOMMUNALE AVGIFTER 2003 - FLEIRBUSTADHUS
0005/03	03/00057 INTERKOMMUNAL DRIFTSASSISTANSE FOR VASSFORSYNING OG AVLAUP I HORDALAND (DIH)

0001/03

DELEGERINGSREGLEMENT**Framlegg til vedtak::**

Saka vert oversendt kommunestyret utan handsaming.

Handsaming i møte:

Bygdalista bad om gruppemøte. .Møtet vart heva.

Det vart først røysta over tilleggsframlegget frå Krf v/K.Jørgensen:”I avgjerd 11.1.57 og 11.1.61 og 11.1.58 blir utvalsleiar av dei respektive utvala kontakta, og kan då velja å ta det opp politisk før endeleg avgjerd vert tatt.”

Deretter vart det røysta over framlegget frå Sp v/Arne Jørgensen:”Leggja fram HMS-rapport kvart halvår for kommunestyret. Arbeide med næringspolitiske saker i kommunen. Utval for natur legg fram miljørapport for kommunestyret kvart år.”

Til slutt vart det røysta over framlegget frå Bygdalista v/I.Reistad:”Delegasjonsreglementet må opp til drøfting, evt. revisjon ein gong i løpet av kommunestyreperioden, helst midt i perioden.”

Alle framlegga vart samrøystes vedtekne. Det vart røysta over

Punkt 1.1.08. delegert mynde: 1 mill, eller 500.000. 1 million vart vedteke med 13 mot 7 røyster.

Vedtak:

Framlegget vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg:

- I avgjerd 11.1.57 og 11.1.61 og 11.1.58 blir utvalsleiar av dei respektive utvala kontakta, og kan då velja å ta det opp politisk før endeleg avgjerd vert tatt.
- Leggja fram HMS-rapport kvart halvår for kommunestyret. Arbeide med næringspolitiske saker i kommunen. Utval for natur legg fram miljørapport for kommunestyret kvart år.
- Til slutt vart det røysta over framlegget frå Bygdalista v/I.Reistad:”Delegasjonsreglementet må opp til drøfting, evt. revisjon ein gong i løpet av kommunestyreperioden, helst midt i perioden.
- Punkt 1.1.08. delegert mynde: 1 million.

0002/03

FRØLAND SKULEHUS.VURDERING AV SKULEHUSET SOM ASVO- BEDRIFT**Framlegg til vedtak::**

Det vert ikkje arbeidd vidare med at Frøland skulehus skal nyttast til ASVO – bedrift/ filial.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Det vert ikkje arbeidd vidare med at Frøland skulehus skal nyttast til ASVO – bedrift/ filial.

0003/03

FRØLAND SKULEHUS.FRAMTIDIG BRUK / EVT. SAL**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune vedtek å leggje Frøland skulehus ut for sal.

Personal- og økonomiutvalet får fullmakt til å førestå salet med dei føringane som tidlegare har vore fremja; d.v.s. at bygningen helst skal nyttast til bustader/ ulike verksemder (f.ekspl. it/data, småindustri o.l.).

Handsaming i møte:

Ap v/Björg Solvang bad om å få gruppe-møte.

Krf v/Annlaug R. Hauge sette frem følgjande framlegg:”Samnanger kommune lyser ut huset for leige eller eventuelt sal for å sjå om det er interesse for det. Saka skal tilbake til kommunestyret som tek avgjerd.”

Det vart røysta altrnativ over framlegget til Pø og Hauge sitt framlegg. Hauge sitt vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune lyser ut huset for leige eller eventuelt sal for å sjå om det er interesse for det. Saka skal tilbake til kommunestyret som tek avgjerd.

0004/03

KOMMUNALE AVGIFTER 2003 - FLEIRBUSTADHUS**Framlegg til vedtak::**

Avgifta for fleirbustadbygg vert å fastsetja slik:

Blokker

	Stip. forbruk pr husvære	Fastdel for bygning
2 bustader	1 m ³ / m ²	kr 4.123
3 – 4 bustader	1,02 m ³ / m ²	kr 8.246
5 eller fleire	1,05 m ³ / m ²	kr 12.366

Rekkehus

Kvar eining vert handsama som vanlege einebustader.

Bukollektiv/ bufellesskap

	Stip. forbruk pr husvære	Fastdel for bygning
2 bustader	1 m ³ / m ²	kr 4.123
3 – 4 bustader	1,02 m ³ / m ²	kr 8.246
5 eller fleire	1,05 m ³ / m ²	kr 12.366

Vedtaket vert gjort gjeldande for 2003, men for dei eigedomane der det vert ein urimeleg stor auke skal dei nye satsane gjelda frå andre kvartal 2003. For desse gjeld satsane vedteke i desember 2002.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Avgifta for fleirbustadbygg vert å fastsetja slik:

Blokker

	Stip. forbruk pr husvære	Fastdel for bygning
2 bustader	1 m ³ / m ²	kr 4.123
3 – 4 bustader	1,02 m ³ / m ²	kr 8.246
5 eller fleire	1,05 m ³ / m ²	kr 12.366

Rekkehus

Kvar eining vert handsama som vanlege einebustader.

Bukollektiv/ bufellesskap

	Stip. forbruk pr husvære	Fastdel for bygning
2 bustader	1 m ³ / m ²	kr 4.123
3 – 4 bustader	1,02 m ³ / m ²	kr 8.246
5 eller fleire	1,05 m ³ / m ²	kr 12.366

Vedtaket vert gjort gjeldande for 2003, men for dei eigedomane der det vert ein urimeleg stor auke skal dei nye satsane gjelda frå andre kvartal 2003. For desse gjeld satsane vedteke i desember 2002.

0005/03

**INTERKOMMUNAL DRIFTSASSISTANSE FOR VASSFORSYNING
OG AVLAUP I HORDALAND (DIH)**

Framlegg til vedtak::

Som deltakar i Driftsassistansen i Hordaland – Vann og Avløp IKS godkjenner Samnanger kommune selskapsavtalen av 19. juni 2001.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Som deltakar i Driftsassistansen i Hordaland – Vann og Avløp IKS godkjenner Samnanger kommune selskapsavtalen av 19. juni 2001.